



MILJØDIREKTORATET
Postboks 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Referanser:
Dykkar:c683d8f1-49a2-4926-9443-
f783c6a4a7c9
Vår: 22/78 - 23/1212

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
03.05.2023

Søknad om kvotefri avskyting av hjortekalv gjeldande for alle hjortevald/ BPO i Modalen kommune. Saksnummer: 2023/4440

Modalen har 9 aktive bønder, av desse driv 4 med mjølkeproduksjon, 1 driv med amme ku og sau og 4 bruk har berre sau. Rundt 1 625 dekar med jordbruksareal er i drift. Modalen har på sommarstid eit stort tal sauer frå heile regionen på beite med 5 aktive beitelag i kommunen i 2021. Tilbakemeldingar frå aktive bønder er at skade av hjort på jordbruket er stort/ aukande med tap av avlingsmengd, fôr kvalitet og betydeleg økonomisk belastning.

Jordbruksarealass konsentrerte plassering langs Moelva med massive utmarksareala på utsida har konsentrert kostnad med bestanden av hjort på dei aktive bønder. Dette har eskalert konfliktnivået mellom dei forskjellige interessentar om hjorten er ei utmarksressurs eller ei innmarksproblem.

Dei tre valda i Modalen vart i 2016 ein del av bestandsplanområde Storfjellet. Bestandsplanområdet inkluderer Modalen, delar av Vaksdal kommune og delar av Voss. Det vart utarbeidd og godkjent ein ny bestandsplan for område 2022-2024. Bestandsplanområdet vert administrert av Vaksdal kommune. Grunna planens målsetting, høg tettleik av dyr og stort skadepress på innmark vert tildeling auka med 21% i den nya plan for Modalen kommune.

Modalen kommune søkjar med dette om kvotefri jakt på hjortekalv for jaktåret 2023/2024. Dette gjeldande for alle hjortevald/ BPO i kommunen. Ei søknad gjeldande for heile kommunen tar utgangspunkt i å femne om heile årsleveområdet til størstedelen av hjorten i områda og for høgast mogleg konfliktdempande og bestandsforbetrande effekt.

Integrering av kvotefri avskyting av hjortekalv i den lokale forvaltninga av hjort er vurdert til å ha kraftig konfliktdempande og bestandsforbeterande effekt. Tiltaket er hovudsaklik eit reiskap til reduksjon av dei stasjonære hodyrflokkar som gjer omfattande skade lokalt på landbruksareal, samt økonomisk kompensasjon for skader på avlingane igjennom eit auka uttak av kalv for den enkelte grunneigar. Fri kalv vil gje jegerar/grunneigarane incitament til å ta ut dårleg kondisjonerte kalvar tidleg i jakta. Dette vil klargjere dei store hodyrs flokke på innmark til eit dyreetisk naudsynt uttak av produserande koller seinare i sesongen. Tidleg uttak av dårleg kondisjonerte kalvar vil sikra kolla moglegheit for tidleg vekt tilvekst og betre utvikling av nytt foster. Den direkte relasjon mellom slaktevekt på kalv, redusert paringsintensitet av

fjorkoller og forsinka reproduksjon blant koller i aldersklasse 2 skal endrast gjennom eit markant auka uttak blant kalv for betre kvalitetssikring av rekrutteringa frå kalv til fjor stadiet i bestanden. Tapet i slaktevekt på kalv (2015/27,4kg – 2021/ 21,3kg) er no så urovekkande at alle tiltak som hindrar dessa på sikt vil gå inn i produksjonsapparatet skal introduserast i forvaltninga.

Modalen kommune håper at Miljødirektoratet vil etterkomme ynsket om kvotefri uttak av hjortekalv til heile kommunen til nedskalering av interesse- og arealbrukskonfliktar og forbetra utviklinga av ein berekraftig hjortebestand.

Vedlegg:

Lista med hjortevald som ynskjast tildelt fri uttak av kalv.

4629V0001 Øvre Modalen hjortevald

4629V0002 Nedre Modalen hjortevald

4629V0003 Ytre Modalen hjortevald

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar, viltforvalter

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Mottakere:

MILJØDIREKTORATET

Postboks 5672
Torgarden

7485

TRONDHEIM